



MELDING OM VEDTAK

frå
møte i NMU 2.9.2014

Saksnr 2014/328	Løpenr. 8072/2014	Klassering K46	Avd / sakshandsamar LAND/ AOF	Dato 3.9.2014
--------------------	----------------------	-------------------	----------------------------------	------------------

PS 59/14 Klage på godkjenning av Indre Brandal Hjortevald 2014/328

Næring og miljøutvalet si handsaming:

PS 59/14 vart handsama etter PS 61/14.

Annika Brandal V, stiller spørsmål om sin gildskap og trer frå møtet.

5 voterande

Ho vert samrøystes røysta ugild, jf. Forvaltningslova § 6 b.

Siv Marit R. Kaldhol AP, tek over som leiar i møtet.

Røysting:

Tilrådinga vart vedteken med 4 røyster for – 1 røyst mot.

Vedtak:

Med tilvising til heimelsgrunnlaget, Forvaltningsloven, § 28 om klageinstans og §§ 29-30 og 33 om klagehandsaming, og §§ 24-25 om grunngeving av vedtak, finn ikkje Hareid kommune at det har kome fram vesentlege, nye opplysningar som ikkje var kjende og vurderte under saksførebuing og sakshandsaming fram til vedtak i saka. Kommunen finn derfor ikkje å kunne kome klagene i møte og held fast ved tidlegare vedtak. Saka vert derfor å sende over til Fylkesmannen i Møre og Romsdal for endeleg vedtak.

Grunngjeving:

Det er i klagene ikkje kome fram nye, vesentlege opplysningar som ikkje var kjende og vurderte ved tidlegare sakshandsaming og vedtak.

Hareid, 3.9.2014

Rett utskrift:

Anne-Karete Mork
Utvalsekretær

Utskrift til: Fylkesmannen i Møre og Romsdal